

Forskrift om opning av jakt og fastsetting av minsteareal for hjort og fastsetting av fellingsavgift for hjort, Gloppen kommune, Vestland

Heimel: Fastsett av Gloppen kommunestyre [dato] med heimel i lov 20. juni 2025 nr. 102 om jakt, fangst og felling av vilt mv. (viltressursloven) § 9 fjerde ledd og § 42 første ledd og forskrift 8. januar 2016 nr. 12 om forvaltning av hjortevilt § 5 og § 6.

§ 1. Tilgang til jakt

Det er opna for jakt på hjort i Gloppen kommune.

§ 2. Minsteareal for hjort

Minsteareal for godkjenning av vald og fellingsløyve i Gloppen kommune vert sett til:

Område (del av kommune)	Minsteareal i dekar (daa)
Vestre Hyen *	800
Breim og omegn **	350
Resten av kommunen	500

* Gjeld valdet: Vestre Hyen storvald (4650V0005).

** Gjeld valda: Blåfjellet driftsplanområde (4650V0002), Breim Nord hjortevald (4650V0030), Dale og Kåle (4650V0017), Hetle-Reed-Fløtre (4650V0025), Hunskår (46500016), Kyrkjeteigane (4650V0026) og Ryssdal (4650V0031).

§ 3. Fellingsavgift for hjort

Fellingsavgift blir krevd inn etter forskrift 15. mai 2011 nr. 537 om kommunale og fylkeskommunale viltfond og fellingsavgift for elg og hjort § 6, jf. viltressursloven § 9 fjerde ledd. Sats for fellingsavgift settast som ein prosent av maksimal sats for fellingsavgift gitt i Stortingets budsjettvedtak. Satsane i Gloppen kommune er som følgjer:

- Vaksen hjort (1,5 år og eldre): 80 % av maksimal sats
- Kalv: 20 % av maksimal sats

§ 4. Ikraftsetjing og oppheving

Forskrifta trer i kraft frå vedtaksdato. Samstundes vert Forskrift 17. juni 2025 nr 516 om jakt etter hjort og minsteareal, Gloppen kommune, Vestland oppheva.